

## Nytt frå Fagområde for allmenmedisin, UiB

## Fastlegar på anbud og som husmenn?

Primærhelsetenestene er under lupa i mange land, av ulike grunnar, også politiske og ideologiske. Historisk har allmennlegar vore organisert i små einingar med få legar, noko som har sikra kontinuitet, effektivitet og stor fagleg autonomi. Denne modellen er under press i mange land, også i Norge, der «ekspertutvalet» som kjent opna opp for at føretak kunne drive fastlegeverksemd. Vert det ein realitet, kan vi stå ovanfor store omveltningar og finansdrivne tenester, der faget sine kjerneverdier kjem i andre rekke. Sjå berre til Danmark.

Der er det opna opp for at selskap kan drifte fleire praksisar, medan ein lege framleis må vere ansvarleg. Men fleire avsløringar siste tida at gitt oss innsyn i det som blir kalla «stråmannspraksisar», der realiteten er kjededanningar, eigarskap frå internasjonale store konsern og flytting av overskot ut av landet. Pasientane blir i stor grad behandla av vikarlegar og anna helsepersonell, slik at tradisjonell og verdifull kontinuitet uteblir. Og allmennlegane blir husmenn i eigen praksis, utan medverknad og med redusert fagleg autonomi. Det same er påvist i England, der det i det siste er mange allmennlegar som er oppsagt av praksiseigarfirmaet og erstatta av anna helsepersonell.

Ein del legar synes det er greitt å bli avlasta for administrative oppgåver. Det skulle berre mangle at ikkje næringsdrivande legar skal kunne nytte seg av profesjonell hjelp til IT, økonomi og HMS. Men å gje slepp på det personlege listeansvaret er starten på ein farleg veg. Vi må vere på vakt mot forslag som gir veslefingern til krefter som ikkje vil oss vel.

Steinar Hunskaar  
[steinar.hunskar@uib.no](mailto:steinar.hunskar@uib.no)

## Søk støtte til studentkontor!

Som del av prosjektet «Flere praksisplasser og bedre veiledning for medisinstudenter på fastlegekontorene (FRONESIS)» har UiB i 2023 invitert fastlegene i Bergen og omegnskommunene til å opprette flere praksisplasser. En har også kunnet gi økonomisk støtte for

tilrettelegging av kontorene. Nå er turen kommet til resten av fastlegekontorene i Vestland og Rogaland.

Fastlegekontorene blir invitert til å se på mulighetene for å ta imot flere studenter. Man kan søke om økonomisk støtte hvis det er noe som må ordnes på legekontoret for å ta imot studenter. Eksempler er medisinsk utstyr, kontormøbler eller mindre ombygginger. Støttebeløpet kan være 10.000 – 60.000 kroner, i spesielle tilfeller kan høyere beløp innvilges. Ved ombygging eller oppussing av et legekontor kan vi gi et tilskudd om det tilrettelegges for studenter. Alle fastlegekontor er velkomne til å søke, uavhengig av om det er studenter i praksis nå eller ikke. Søknadsfristen er 1. mai 2024, men søknader etter fristen vil kunne bli vurdert.

## Ny ph.d.-stipendiat

Nadia Pristaj begynte i mars 2024 i 100%-stilling som stipendiat i Fagområde for allmenmedisin, finansiert med 3-årig UiB-stipend. Ph.d.-prosjektet inngår i «Askøy-prosjektet», om et utbrudd med *Campylobacter* på Askøy i 2019 som rammet 2000 mennesker. Over 70 personer ble innlagt i sykehus, og to personer døde. Problemstillinger som utforskes i prosjektet, er omfang av utbruddet, klinisk forløp hos pasientene, biologiske faktorer og bruk av helsetjenesten.

Nadia Pristaj er utdannet lege fra UiB med forskerlinje, og har nettopp fullført LIS1.

## Historisk Vossa-kurs får etterfølger

Fagområdet allmenmedisin er sterkt involvert i et nytt Grunnkurs A i allmenmedisin, som skal avholdes første gang på Solstrand 18-21 november 2024. Grunnkurs A regnes som introduksjonskurset for de som starter i spesialisering. Det legges vekt på å gi en innføring i hva som kjennetegner faget, innsikt i Helfos rolle, takstbruk og refusjonsordninger, i tillegg til innføring i lover og regler for praksisdrift og legevaktsarbeid. Dette kurset har en lang tradisjon som samarbeid mellom legeföreningen og det akademiske miljøet i Bergen, og ble arrangert første gang helt tilbake i 1987. Det

siste grunnkurset på Voss ble arrangert i 2019. Det gjenoppstår nå altså i ny drakt høsten 2024. Kurset vil legge stor vekt på egenaktivitet og deltakernes erfaringer, og målet er å bidra til å bygge en felles allmenmedisinsk identitet. Ny kursledelse er Anne Laue, Solfrid Siqveland, Hans Høvik og Thomas Mildestvedt.

## Legevaktpodden – nyttig for mange

*Legevaktpodden*, ein podkast frå Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin nærmar seg no 20 episodar. Dei siste handlar om feil, vald i nær relasjon, klagesaker og beslutningsstøtte. Med det første kjem det også tre episodar om legevakthistorie. Innhaldet i episodane, som er på nokre få minuttar, er berekna på legevakttilsette og på folk flest.

Episodane kan finnast via legevaktmedisin.no eller ved å søke Legevaktpodden på Spotify.

## Studentane våre forskar og publiserer

Som ledd i den allmenmedisinske perioden i siste studieår inngår eit opplegg der legestudentane samlar data til eit forskingsprosjekt. Dei fleste av desse prosjekta endar som vitskapelege publikasjonar, med eller utan studentane som medforfattarar.

*Kostholdsveiledning hos fastlegen – hva rapporterer pasientene?* er ein artikkel publisert i Tidsskriftet nr.4/2024 med studentar og undervisarar som forfattarar. Den viser at ein tredel av pasientane hadde tatt opp kosthald som tema hos fastlegen, mens halvparten ønska råd og rettleiing om kosthald og helse.

Ei hovudoppgåve i medisinstudiet med rettleiing frå allmenmedisin i Bergen er nyleg publisert i Utposten nr. 1/2024. Artikkelen *Gynekologiferdigheter i medisinstudiet* undersøker siste års legestudentar ved alle fakulteta sin eigenrapporterte kompetanse i utvalde gynekologiske prosedyrar i allmenpraksis. Det var 157 svar.

Sju av ti følte seg trygge på å utføre GU og fleirtalet var trygge på prøvetaking til livmorhalsprøve, men under halvparten hadde utført spiralinnsetting. Menn rapporterte lågare utbytte av opplæringa.